

Gir seg ikkje



SIDE 3

Dagleg leiar i Sauda skisenter, Lars Reidar Fosstveit, var svært skuffa då det blei klart at fleirtalet i kommunestyret vedtok å flytte starten for skjenking i Svandalen tre timar fram. Nå har han sendt inn klage.
– Eg har god tru på at politikarane skal endre syn, seier han. (Arkivfoto: Ingvil Bakka)

Leiar

„...må aldri gløyme kva som skjedde...

Side 4

Eitt år sidan terrortragedien



Sundag er det eitt år sidan Noreg blei råka av terroranslaga i Oslo og på Utøya. Ryfylke har prata med tre personar som på ulike måtar var i nærkontakt med den grufulle tragedien.

Side 8-9

– Byggje stein for stein



Vikedal Roots Festival arrangerte i år igjen ei suksessfullt tilstelling med 8 000 besøkande. No kjem arrangørane med fleire tips om kva som må til for å arrangere ein framtidig festival i Sauda.

Side 6

Avisa i sommar:

Veke 30: Fredag 27.7
Veke 31: Tysdag 31.7 og fredag 3.8

Annonsefristar: Sjå side 4

RYFYLKE
– lokalavis for indre Ryfylke

Kan bli første finne i verdensrommet

Til vanleg jobbar han i IT-avdeling.

ERLEND TANGERAAS LYGRE

– Me får sjå kurvene til jorda i vektlaus tilstand utanfor atmosfæren. Det trur eg blir ei stor oppleving, seier framtidig astronaut Vesa Heilala.

Skyt til vørs

Finnen, bror til saudapotekar Tapio Heilala, har kjøpt billett frå Virgin Galactic, som tilbyr ein tur i verdensrommet til privatpersonar frå sin "SpacePort" i New Mexico. Herfrå set passasjerane seg på "SpaceShipTwo". Dette er eit lite romskip, tilknytt moderskipet "Eve" som hjelper til med lettinga. Deretter skil romskipet seg frå moderskipet og skyt 100 kilometer rett opp på 60 sekund. Totalt varer ferda i om lag to og ein halv time, og inkluderer fem minutt i vektlaus tilstand utanfor atmosfæren med utsikt mot jordkloden.

Tok opp lån

Så langt står rundt 529 komande astronautar på venteliste til turen, som kostar kvar deltakar om lag 1,2 millionar kroner. Til samanlikning kostar ein tur til månen rundt 900 millionar kroner. Dette opplyser presidenten i Space Adventures, Tom Shelley, til nettstaden space.com. Vesa Heilala har ein vanleg IT-jobb, men kunne ikkje la denne sjansen gå frå seg.

– Eg tok opp eit lån på 200 000 dollar, fortel finnen, som i tillegg har ein liten sponsor i den lokale ølprodusenten i heimbygda Iisalmi.

Draum frå barndommen

– Eg har alltid vore interessert i verdensrommet. Då eg var liten såg eg på Star Trek og Star Wars og las alle slags teikneseriar om verdensrommet, forklarar Heilala.

No følgjer han opp draumen, og håpar å bli den første finnen nokon



4000 KM/H: Dette er farten det vesle romskipet av typen "SpaceShipTwo" held på si ferd frå jorda til verdensrommet. Bilete er frå Vesa Heilala sitt besøk til Virgin Galactic sin "SpacePort" i New Mexico, USA. (Foto: Privat)

gong utanfor jordas atmosfære.

– Så langt er det to finnar som har meldt seg på gjennom reisebyrået eg nytta meg av, og eg veit enno ikkje kven som reiser først av oss, seier den framtidige astronauten, som kryssar fingrane for at han stikk av med tittelen "Første finne i verdensrommet".

Må vente

Billettsalet starta i 2005, og Heilala kjøpte sin billett i 2010. Med det blei han rundt nummer 300 på ven-

telista til flygingane. Noko avreisdato er enno ikkje sett, men dei fyrste reisene er forventa å finne stad neste år, noko som betyr at Heilala kan forvente å bryte atmosfæren ein gong i 2014.

Nordmann skal også

Ein annan framtidig astronaut er Terje Olsen frå Nittedal, som ifølgje NRK blir første nordmann i verdensrommet gjennom det same selskapet som Vesa Heilala nyttar seg av.

– Det er ein lang draum som går i oppfyllyng. Eg har vel eigentleg drøymd om å reise til verdensrommet sidan eg såg Neil Armstrong lande på månen då eg var ni år gamal, sa han til NRK Østlands-sendingen i 2009.

På visitt

I desse dagar er Vesa Heilala på ferie i Sauda for å besøke bror sin, Tapio. Så langt har finnen lete seg

imponere av naturen på Vestlandet.

– Noko av det fyrste eg la merke til då eg kom hit på motorsykkel var fjorden. Slikt har me lite av i Finland, forklarar han.

I dag, fredag, reiser han vidare langs Norskekysten før han til slutt vil besøke Danmark i ferien.

... såg eg på Star Trek og Star Wars...

ryfylke@ryfylke.net



RESULTAT: MEININGS-MÅLING

Kva plassar i Sauda vil du visa sommar-gjestene?

Jettegrytene i Åbødalen	25%
Svandalsfossen	15%
Åbøbyen	18%
Rondehaugen	9%
Ein annan stad	31%
Talet på stemmer:	187

Gå inn på www.ryfylke.net og gi di stemme i vår uofisielle meningsmåling.